



Ronny Lakselv får truleg løyve til direktesendingar frå kommunestyremøta, men utan betaling. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Rådmannen går inn for at formannskapet torsdag 28. februar skal gje Kristen Mediaressurs TV Sydvest i Uskedalen (Ronny Lakselv) løyve til å senda kommunestyremøta direkte i TV i ein prøveperiode på eit halvt år. Men han går ikkje med på at kommunen skal betala for det.

Rådmannen kjenner til at det ikkje er dokumentert auke i folks politiske engasjement av slike direktesendte møter og då særleg møter på dagtid, Likevel meiner han at det kan vera av interesse å prøve ut eit opplegg i ein periode på seks månader og rår til at han får fullmakt til å inngå avtale om dette.

Skulle prosjektet dokumentera auka interesser for desse sendingane vil det vera selskapet Kristen Mediaressurs TV Sydvest som profiterer økonomisk. Etter rådmannen si vurdering må det difor også vera dette selskapet som tek kostnadene ved desse sendingane.

Skulle kommunen yte eit tilskot på 7.500 kroner pr. møte, som Lakselv har bedt om, ville dette utgjere 45.000 kroner for prøveperioden eller 75.000 i året (eks MVA).

Lakselv skriv i søknaden at ei slik betaling frå kommunen er ein føresetnad for at slike sendingar skal kunne realiserast.

Han meiner at sendingane vil vera med på å styrka engasjementet rundt det politiske arbeidet i kommunen.

Av Ola Matti Mathisen